



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
13/2249

Vår ref.
14/2193 - ÅST

Dato
09.07.2014

Høyring - revidert lov om anke til Trygderetten

Vi viser til brev frå Arbeids- og sosialdepartementet av 7. april 2014 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Trygderetten og systemet med anke til denne instansen heng nøye saman med folketrygdsystemet, og den klart største delen av sakstilfanget kjem frå saker etter folketrygdlova, slik det òg er slått fast i høyringsnotatet. I samband med at regelverket om Trygderetten no skal reviderast, bør det difor vurderast om reglane bør takast inn som eit nytt kapittel i folketrygdlova, i staden for at ein har ei eiga trygderettslov. Dette vil skape ein større heilskap i trygdesystemet og gjere det enklare å få oversikt over det totale klage- og ankesystemet i trygdesaker. Dei aller fleste brukarane av trygdesystemet vil då berre få ei lov å halde seg til i samband med klage- og ankesaker, medan situasjonen blir den same som i dag for dei brukarane som ankar saker inn for Trygderetten etter andre lover enn folketrygdlova, som barnetrygdlova og lovene om krigspensjon.

Vi nemner vidare nokre lovtekniske moment. Dersom det skal brukast punkttoppstilling i utkastet til ny § 1 andre ledd, bør dette setjast opp med bokstavar og ikkje med strekpunkt. Alternativt kan teksten her skrivast i vanleg prosa. I utkastet til § 27 andre

ledd bør det ikkje brukast punktopstilling. Teksten her bør skrivast i vanleg prosa.

Med vennleg helsing

Kari Wold-Schiørn

for

Harald Aass
fagdirektør



Åshild Tveit Arnsjø
rådgjevar